

INFO OM DYREDAG VED



FREDAG 6.OKTOBER KL.12.30-13.45☺

Dette er noko elevane har etterspurt i lang tid, sikkert fordi dei har høyrte det frå sysken som har vore med på det i tidlegare tider her på huset☺ I alle fall ganske mange år sidan vi hadde det sist! Men no avsluttar vi til haustferien med ein slik dag, som eit lite plaster på såret fordi det ikkje vart idrettsdag... Og: vi ordnar med presenning og tak over hovudet til dyra ute, i tilfelle regnet ikkje gjev seg☺

OPPLEGGET VERT SLIK:

- *dei elevane som har dyr heime som dei kan ta med anten i bur eller i band; får desse bringa til skulen eller stikk heim og hentar i 12-tida.
- * det vert utstilling med «catwalk/ dogwalk», der kvart dyr vert vist fram
- * eleven som eig dyret får fortelje litt om dyret sitt, og dei kan også gjerne fortelje litt om kva det inneber av stell og ansvar å ha eit slikt dyr
- * dyr m/eigar står på «stand», og dei andre elevane får gå rundt og helse på dyra, og gjerne også stille spørsmål til eigaren om det dei måtte lure på
- * dyra vert henta når elevane er ferdige på skulen, eller dei tek dei med seg heim sjølv

Snakk saman heime om kva dyr som er muleg å ta med ein slik dag, og så er det altså ikkje slik at alle MÅ ha med eit dyr, det kan vere like kjekt å vandre rundt og kose og klappe på andre sine dyr☺

Fint med ei lita tilbakemelding om kva dyr som dukkar opp her, og også korleis dei kjem seg til og frå☺

